

Årsmøtereferat

Årsmøtet i Telemark sau-og geit, halde 2-3 mars 2012 på Mordedal Hotel.

Årsmøte vart opna av leiaren, Erik H Håtveit med helsinga han skreiv i årsmeldinga “ kjære yrkesvenner”

Aslak Snarteland er ordstyrar.

Sak 1. Opprop, godkjenning av innkalling, saksliste og forretningsorden.

- Utsendingar frå 10 lokallag - 38 med stemmerett
- 7 utan stemmerett.

Innkalling, sakliste og forretningsorden godkjend utan merknader.

Sak 2. Underskriving av årsmøtereferat

Til å underskrive årsmøtereferatet vart Merete Uverud og Sigbjørn Stavland valt.

Sak 3. Årsmelding frå styret og rapportar frå nemnder/utval

Leiar av TSG, Erik H Håtveit presentera årsmeldinga.

Dette kom fram i ordskifte:

- Svein Tørre ynskte å nyansere Erik sin tale innledningsvis på årsmøte. Styret bør/skal dele ansvaret for måten styret har fungera på i 2011.
- Utvalet av granska værer, spesielt på Spæl, er for dårlig. Dette er og sjå på som “eingongshende” da ring 97 hadde store tap av værer i 2011. Det er viktig å ivareta spælen i Telemark både når det gjeld kvalitet, men også mengde
- Det kom fram ei ytring som gjekk på därlegare kvalitet på kåra værer no enn tidlegare. Denne påstanden vart imøtegått. Eit tema som alltid vil kunne debatterast.
- Beite/radiobjølleprosjekt i Oppland og radiobjøllelag i Nord-Trøndelag er interessante prosjekt som kunne være aktuelle og sjå nærmare på for Telemark. Styret i TSG bør arbeide for ei slik organisering i Telemark. Kanskje Saueprosjektet kan være ein aktuell aktør
- Interesse omkring avlskongressen i region Øst.
 - Interessante betraktnigar omkring kost/nytte i saueholdet med tanke på tid, ressursbruk og helse.
 - Diskusjon omkring vektlegging av kjøttfylje kontra morsevne
 - Gransking i eigen flokk- metode for mulighet for feilmarginar. Avlsrådet tek stilling til dette i juni.
- Geitemiljøet i Telemark vert trekt fram som noko av det mest bærekraftige me har i landet. Det er viktig at me tek vare på dette.

Årsmelding frå styret og rapportar frå nemnder og utval vart teken opp til voting og vart samrøystes vedteken.

Sak 4. Rekneskap og revisorrapport.

Sekretær, Torhild F Sisjord la fram rekneskap, og gjorde merksam på at revisorrapport ikkje låg føre.

Forslag frå ordstyrar Aslak Snarteland.

Årsmøte i TSG kan ikkje godkjenne det framlagte årsrekneskap da det ikkje er levert revisor. Årsmøte i TSG gjev det nye fylkesstyret fullmakt til godkjenning av årsrekneskapen 2011 forutsatt revisor si godkjenning av rekneskapen.

Forslag frå Aslak Snarteland samrøystes vedteken

Sak 5. Arbeidsplan 2011.

Erik H Haatveit presentera styret sitt framlegg til arbeidsplan 2012.

- Svein Tørre orientera om sitt syn på beiteutvalets arbeidsoppgåver. Han ber årsmøte ta stilling til kva for beiteutval styret skal ha. Viser til fjarårets årsmøtevedtak.
- Erik orientera om møte som hadde vore hjå Fylkesmannen i Telemark omkring tema beiteutval. Det same gjorde Svein Tørre. TSG sine to deltakerar på møte har eit avvikande syn på kva som vart resultatet av møtet, og kvifor det enda slik.
- Profilering. Landbruket i Telemark bør utad “snakke med ei stemme” var ynskje frå TB. Det må da ikkje bli slik at dei med dei største ressursane og så får satt dagsorden. Det er samarbeid som må være stikkord for dette. “Prate mest mulig same språk”, men TSG må passe på sin rett til å ytre seg etter eigen overtyding.

Forslag frå Kim Hopland, Fyresdal

Jobbe for ein felles kommunikasjonsplattform mot media/allmennheten for landbruksorganisasjonane i Telemark

Forslag frå Kim Hopland vart vedtatt med 20 mot 18 stemmer

Kontra 8 + 10 blanke

Forslag frå Svein Arvid Tørre

Svein fremma eit forslag i trå med fjarårets vedtak om å opprette eit samarbeidsorgan i samband med beitebruken

Forslag frå Svein A Tørre fall med 9 mot 17 stemmer

Framlegg til arbeidsplan frå styret vart samrøystes vedtatt med dei tillegg som framkom.

Sak 6. Budsjett 2011.

Torhild F Sisjord la fram styret sitt forslag til budsjett

Det er ikkje tatt høgde for den auka kontingensten som er vedtatt sentralt
Avlsarbeidet tek ein del av budsjettet. Bør utgiftene til kåringssjå tas av TSG, eller skal dette gjerast lokalt, som i dag. Det var her litt ulike syn.

Framlegg til budsjett vart samrøystes vedtatt

Da årsmeldinga for Telemark Gjetarhundlag vart utegløymt under behandlinga av TSG si årsmelding fekk jan Toralf Omtveit ordet no
Årsmøte sluttar seg til årsmeldinga

Sak 7. Val.

Gunnar Haugo la fram valnemnda si innstilling:

Framlegg til styre:

Leiar	Kjell Sverre Thoresen, Fyresdal sau og geit	ny	2012
Styremedlem	Svein A Tørre Aust-Telemark Sau og Geit	ikkje på val	2011-2012
"	Kirsti Sandland Tokke sau og geit	ikkje på val	2011-2012
	Tor Isak Oxum, Grenland sau og geit	ny	2012-2013
	Jon Aslak Austjore Tokke sau og geit	ny	2012-2013

Nestleiar (veljast mellom styremedlemmene): Opp til styret og peike ut nestleiar

Varamedlemmer til styret (veljast for eitt år):

1. Varamedlem	Turid Opsund Mæland
2. Varamedlem	Hege Gonsholt
3. Varamedlem	Ann Kristin Tekslle

Revisorar: Øystein Høgetveit, attval. og Sigrid Nykos Vinje – ikkje på val

Valnemnd:

Erik H Haatveit

Bekneforslag frå Aust-Telemark sau og geit på Svein A Tørre som leiar i TSG

Vedtak:

Kjell Sverre Thoresen valt til leiar for 1. år

35 gjevne stemmer: 24 for Kjell Sverre Thoresen, 9 Stemmer for Svein A Tørre og 2 blanke

Valkomiteens forslag på styremedlem for 2 år Jon Aslak Austjore - samrøystes valt

Valkomiteens forslag på styremedlem for 2 år Tor Isak Oxum- samrøystes valt

1. vara: Valkomiteens innstilling Turid Opsund Mæland – samrøystes valt
2. vara: Valkomiteens innstilling Hege Gonsholt – samrøystes valt
3. vara: Valkomiteens innstilling Ann Kristin Tekslle - samrøystes valt.

Revisor for 2 år Øystein Høgetveit – samrøystes valt

Valkomité:

Marthe Betten 2010-2012

Gunnar Haugo 2011-2013

Erik H Haatveit 2012-2014

Samrøystes valt

Sak 8. Godtgjersle til styret

Økonomien i laget tillèt ikkje noko endring i godtgjersle til styret

Samrøystes vedtatt

Møteleiar for Årsmøte 2013: ***Aslak Snarteland – Samrøystes valt***

Sak 9. Innkomne saker: / handsaming av uttalar

Ingen innkomne saker

Telemark sau og geit sin heidersdiplom vart dele ut til avgått leiar i rovviltnemda region 2
Lars Bjådal for godt arbeid for småfenæringa gjennom mange år.

Hjartdal 07.03.2012

.....
Merete Uverud

.....
Sigbjørn Stavland